



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Fjellstyrekontoret, Ulvik

Dato: 28.06.18

Klokkeslett: 18.00 – 21.00

Tilstades på møtet

Medlem:

Knut Sygnestveit
Stig Yngve Røkenes
Atle Ulgenes
Ingrid Sponheim
Lars Helge Ljone

Sekretær:

Harald Normann Andersen

Saksliste

- | | |
|-------|---|
| 15/18 | Meldingar |
| 16/18 | Påbygg til hytte på Finse fnr. 66 |
| 17/18 | Ny modell – Fordeling av inntekter for fellesfiskekort |
| 18/18 | Retningslinjer for sekretær |
| 19/18 | Informasjonsplakat om fjelloppsynet |
| 20/18 | Biologiske undersøkingar i Langavatnet og Grasbotntjørni hausten 2017 |
| 21/18 | Avslutning av reinsjakta 23. september? |
| 22/18 | Oppsetjing og plassering av lavvo, tid og stad |
| 23/18 | Kodeboks på Finsebu |
| 24/18 | Info frå dagleg leiar |

Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit Stig Yngve Røkenes Atle Ulgenes Lars Helge Ljone Ingrid Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. P.b. 2, 5731 Ulvik
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Sak 02/18 Meldingar**19.03.18****Meldingar frå****Innhald**

14/18 Fellestyret for Ullensv statsallm.	Møtebok
15/18 Ulvik fjellstyre	Søknad om fiskeslepp i Ulvik Statsallmenning
16/18 Ulvik fjellstyre	Signert avtale – utleige av Sankebu i Austdalen
17/18 Ulvik fjellstyre	Signert samjaktavtale, Ulvik Statsallmenning HA 291 og Øvre Numedal Statsallmenning HA 55
18/18 Gjensidige	Kundeutbytte 2017
19/18 Hordaland Fylkeskommune	Løyve til å sette ut fisk i fem fjellvatn i Ulvik Statsallmenning
20/18 Hardangervidda Villreinutval	Anbefaling av villreinkvote for Hardangervidda hausten 2017
21/18 Nordfjella og fjellh. Villr. nemnd	Melding om kvotevedtak
22/18 ØN fjellstyre	Møtebok
23/18 ØN fjellstyre	Årsmelding
24/18 Ullensvang fjellstyre	Møtebok
25/18 Odda fjellstyre	Møtebok
26/18 Fellesstyret for Ullensv. Statsal.	Møtebok
27/18 Fellesstyret for Ullensv. Statsal.	Årsmelding
28/18 Fjellstyra på Hardangervidda	Invitasjon til generalforsamling i Fjellstyra på Hardangervidda AS
29/18 Fjellstyra på Hardangervidda	Årsrekneskap 2017
30/18 Fjellstyra på Hardangervidda	Årsmelding 2017
31/18 ØN Fjellstyre	Møtebok
32/18 Miljødirektoratet	Avgjersle av klage på vedtak om fastsetjing av Kvote i Hardangervidda villreinområde
32/18 Veglaget Storurdi	Vedtekter
33/18 FM i Hordaland	Referat frå fellesmøtet for forvaltninga av Hardangervidda NP (med LVO -er)

Harald las opp meldingane

Sak 16/18 Påbygg til hytte på Finse fnr. 66.

Saksdokument:

Div. skisser og teikningar.

Saksutgreiing:

Statskog har mottatt søknad/nabovarsel om eit lite påbygg på hytte med fnr. 66. Hytta ligg vest for Finse ved Norenut. Pr. i dag er hytta på 60 m. Denne skal byggast på med om lag 15 m².

Reguleringsføresegner for Finse på hytter og fritidsbygningar (utklipp):
På det einskilde festet/tomta kan det førast opp ei hytte. Uthus skal vera samanbygd med hytta. Samla bygd areal (BYA) pr. feste/tomt er inntil 80 m². Det er ikkje høve til opparbeiding, inngjerding eller på annan måte gjera vesentlege inngrep i området kring hyttene. Hytter skal oppførast i ein etasje utan kjellar. Mindre kjellarrom/kryperom kan godkjennast der rommet skal brukast til tekniske installasjonar som t.d. miljøtoalett. Takflater skal vera skråstilte. Takvinkelen skal vera mellom 15 og 35 grader. Mindre delar av bygningen kan ha anna vinkel og anna form.

Jfr. Fjelloven § 12 skal saken over til fjellstyret for eventuelle kommentarar. Statskog har ingen innvendingar til tiltaket så lenge påbygget fyljer kommunen sine byggereglar.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre har ingen innvendingar til tiltaket så lenge tiltakshavar fyljer kommunen sine byggereglar

Vedtak:

Samrøystes

Sak 17/18 Ny modell - Fordeling av inntekter for fellesfiskekort

Saksdokument:

Framlegg til fordeling.

Saksutgreiing:

Ullensvang fjellstyre ynskter i sak 25/17 å ta opp spørsmålet omkring organiseringa av fellesfiskekortet på nytt. Fellesfiskekortet er eit samarbeid mellom Ullensvang, Ulvik, Eidfjord og Røldal Statsallmenningar og har eksistert i ei årrekke.

Det har i lengre tid vorte stilt spørsmål ved fordelinga av inntekter og kostnader der fleire fjellstyre har peika på ei skeivfordeling i favør Eidfjord fjellstyre.

Fordelinga av fellesfiskekortet er i dag slik:

Ulvik 8,4%

Eidfjord 70,4%

Ullensvang 16,6%

Røldal 4,6%

Bakgrunnen for denne fordelinga var i følgje Gunnar Elnan i Eidfjord kommune basert på omfanget av selde fiskekort før ordninga kom til.

I dag har situasjonen endra seg mykje når det gjeld sal av fiskekort. 99% av alt sal av fiskekort skjer i dag via Inatur.no. Alle fjellstyra har eigne sider på Inatur.no der dei tilbyr fiske på sine områder. I tillegg har ein ei felles side der fellesfiskekortet vert seld.

I 2017 vart det omsett fiskekort for om lag 280000 gjennom felleskortordninga. Av dette var ca 100 000 direktesal av kort på berre ein statsallmenning.

Fordelinga av fellesfiskekorta er i dag tufta på argumentet om at dei som selde mest kort før ordninga og skal ha mest att for felleskortet no. Dersom ein ser på utviklinga av kortsal så bør ikkje dette lenger vere så aktuelt. Det er svært lett for fiskarane å sjå kva for korttyper som ligg ute for sal og det er svært lett å sjå kva område dei har lov å fiske i.

Ein må og legge til grunn at det er ei årsak til at fiskarane vel å kjøpe fellesfiskekort framfor fiskekort direkte på ein allmenning. Det er grunn til å tru at dei som kjøper fellesfiskekort ynskjer å nytte dette på fleire område. Ein kan sjå for seg at dette typisk er fiskarar som går frå Tinnhylen og sørover mot E 134 eller som startar heilt oppe ved Finse for så å ta seg sørover. (eller motsatt veg).

Slik sakshandamar ser det vil det derfor vere på tide å sjå på ei anna fordeling av fellesfiskekortet. Eit parameter som då peikar seg ut som grunnlag for fordeling er vassareal.

Ein har henta inn data på tilgjengeleg vassareal frå NVE ved hydrolog Heidi Bache Stranden. Data som fylgjer:

<i>Statsallmenning</i>	<i>Vassareal km2</i>
<i>Ullensvang</i>	<i>105,48</i>
<i>Eidfjord</i>	<i>94,68</i>
<i>Røldal</i>	<i>39,82</i>
<i>Ulvik</i>	<i>49,57</i>

Dersom ein skulle leggje dette til grunn vil fordelinga av fellesfiskekortet bli slik:

Statsallmenni ng	Gamal fordeli ng %	Vassar eal km2	Ny fordeli ng %
Ullensvang	16,6	105,48	36,4
Eidfjord	70,4	94,68	32,7
Røldal	4,6	39,82	13,8
Ulvik	8,4	49,57	17,1

Som ein kan sjå av tala så er det Eidfjord som vil tape på å gå over til ny ordning. Likevel må ein kunne forvente at dei fiskarane som ynskjer å fiske berre på Eidfjord vel å kjøpe fiskekort direkte på Eidfjord sine sider. Prisen på Fellesfiskekortet har no vorte auka monaleg og dette må ein og forvente vil auke fiskarane sin selektivitet når det kjem til kjøp av kort. Tidlegare kan ein tenke seg at mange kjøpte fellesfiskekort fordi det var lettvindt, men ein må no forvente at dei tenker seg meir om i kva for område dei ynskjer å fiske.

Konklusjon:

Sakshandsamar vil tilrå at ein vel ein ny modell for fordeling av kostnader og inntekter for fellesfiskekortet. Sidan ein må kunne forvente at fiskarane vel å kjøpe fellesfiskekort nettopp for å kunne fiske på fleire område på same tur er det naturleg å leggje ressursen (vassarealet) til grunn for fordelinga.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre støttar framlegg til my modell for fordeling av inntekter av fellesfiskekort.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 18/18 Retningslinjer for sekretær

Saksdokument:

Mal – Retningslinjer for sekretær utarbeidd av Fjellstyra på Hardangervidda as.

Saksutgreiing:

Tenestene Fjellstyra på Hardangervidda (FH) yter for fjellstyra er regulert gjennom 5-årige samarbeidsavtalar. I denne avtalen står det berre om det skal leverast sekretærtjeneste for fjellstyret. I tråd med styrevedtak 21/17 i Fjellstyra på Hardangervidda as har ei arbeidsgruppe med Vebjørn Håvardrud, Eivind Tokheim, Sveinung Olsnes og Georg Gjøstein laga framlegg til ein standard mal

for retningslinjer som regulerer nærare ansvar, myndigheit, oppgåver og fullmakter m.m. mellom sekretariat og fjellstyre.

Retningslinjene som ligg vedlagt saka blei vedteke i sak 07/18 i styremøte for Fjellstyra på Hardangervidda as 6.4.2018. Dagleg leiar i Fjellstyra på Hardangervidda as ber om at fjellstyra tek retningslinjene opp til handsaming slik at dei kan koma som eit tillegg til dei 5- årige samarbeidsavtalene som blei revidert i 2017.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre støttar framlegg til retningslinjer for setretær.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 19/18 Informasjonsplakat om fjelloppsynet

Saksdokument:

Informasjonsplakat om fjelloppsynet

Saksutgreiing:

På styremøte i Fjellstyra på Hardangervidda as kom dagleg leiar med framlegg om at det vert hengt opp ein plakat på fjellstyrehyttene som kort fortel litt om fjelloppsynet og samstundes gjer greie for at dei tilsette nyttar fjellstyrehyttene til overnatting. Fjellstyra er bedne om å koma med eventuelle merknadar til teksten.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre har ingen merknadar til teksten på informasjonsplakat om fjelloppsynet

Vedtak:

Samrøystes

Sak 20/18 Biologiske undersøkingar i Langavatnet og Grasbotntjøni hausten 2017

Saksdokument:

Ecofact - Rapport 614

Saksutgreiing:

Ecofact har utført fiskebiologiske undersøkingar hausten 2017 i Langavatnet og Grasbotntjøni på Osafjellet.

I Langavatnet vart det satt 16 botngarn og 1 flytegarn natt mellom 6. og 7. september. I tillegg ble 3 innløpsbekkar undersøkt med tanke på oppvekst- og gyteforhold.

Det vart gjennomført prøvefiske med garn av typen oversiktsgarn (også kalla "Nordisk serie"). Botngarna er 30 m lange, 1,5 m djupe og satt saman av 12 seksjonar à 2,5 m. Alle seksjonane har ulik maskevidd, slik at fangsten skal gje et representativt bilete av fiskebestanden i vatnet (tab. 3.1). Flytegarna er av tilsvarende type, 45 m lange og 5 m djupe, men inkluderer ikkje maskeviddene 5,0, 6,25 og 55,0 mm, dvs. at kvar av dei 9 seksjonane er 5 m lange.

Følgende data ble registrert for fangsten:

- Lengde (mm) fra snutespiss til ytterst på halefinnen
- Vekt (gram)
- Kjøtfarge (rød, lyserød, hvit)
- Kjønn og kjønnsmodning (gytefisk, gjeldfisk)
- Mageinnhold (grov vurdering i felt av fyllingsgrad og innhold)
- Skjellprøver vart samla inn for aldersbestemmelse og tilvekstanalyser av aure, otolitter vart tatt frå enkelte, større fisk
- Makroparasittar

Resultat frå Langavatnet:

Total fangst på 16 botngarn var 69 aure. Det vart ikkje tatt fisk på flytegarnet, men det ble fanga fisk på alle botngarn. På de fire garna som utgjorde den ytste delen av dei to garnlenkene vart det totalt tatt 7 aure.

All fisk som vart fanga var utsett fisk. På enkelte eksemplar hadde feittfinna hatt ein betydeleg regenerering.

Fangstdata for aure tatt på botngarn i Langvatnet 07.09.17.

16 garn		
Total fangst av aure (antall)		69
Antall aure pr. garn		4,3
Kg aure pr. garn		0,44
Gjennomsnittsvekt (g)		102
Gjennomsnittlig lengde (cm)		21,6
Gjennomsnittlig kondisjonsfaktor (K-faktor)		0,89
Kjøtfarge %		
Raud		23 %
Lyseraud		37 %
Kvit		40 %
Kjønn	Han	50 %
	Ho	50 %
% kjønnsmoden fisk		8 % (2 han, 2 ho)
Gj.sn. lengde kjønnsmoden hoar		23 cm
% parasittert fisk		0 %
Veksforhold		Småfallen fisk

Samanlikning av resultat frå Langavatn 2004, 2011 og 2017

År	Antall garn	Fangst (antall aure)	k-faktor	Vekt (gjennomsn itt)	Fangst pr. 100 m ² relevant garnflate (CPUE)	Bestands- vurdering
2017	16 bunngarn	69	0,89	102 g	19,7	Tett
	1 flytegarn	0				
2011	16 bunngarn	68	1,08	179 g	18,7	Tett
	1 flytegarn	3				
2004	15 bunngarn	13	1,21	-	3,3	Tynn
	2 flytegarn	0				

Bestandsvurdering og vurdering av kompensasjonstiltak

Langvatnet har ein tett bestand av aure. Det vart ikkje fanget fisk som var naturleg rekruttert, og sjølv om det år om anna kan skje noko naturleg rekruttering i innsjøen vil ikkje dette være av en slikt omfang at det kan bidra til å oppretthalde ein fiskbar bestand.

Den gjennomsnittlege kondisjonsfaktoren var lågare enn ved tidlegare undersøkingar. For å få ein bestand som er betre tilpassa næringsgrunnlaget i magasinet, og som samtidig vil være meir attraktiv for fritidsfiske, vert det anbefalt at dei årlege utsettingsmengdene reduserast til 1600 aure/år.

Hellen m. fl. (2012) nemnde utlegging av gytegrus i den største tilløpsbekken som eit tiltak som kan betre gyteforholda, men peikte samtidig på at klimaet på denne høgda over havet vil truleg være ein begrensa faktor for rekruttering.

Framlegg til vedtak:

Styret tek rapporten til vitande. På bakgrunn av rapporten vil Ulvik fjellstyre tilrå at ein frå sesongen 2018 set minste maskevidde i Langavatnet til 18 omfar (35 mm). Garnfiske i Langavatnet vert sett frå 15. juli – 15. september. Dette må kunngjerast på Ulvik fjellstyre si heimeside, samt på salssida på Inatur.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 21/18 Avslutning av reinsjakta 23. september?**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Villreinutvalet har kome med ei oppfordring om å avslutte jakta 23. september. Dette på grunn av den høge andelen frie dyr i kvota, som tilseier at det vil bli felt ein del simler på fritt dyr-kort i slutten av jakta (på grunn av brunst). Sekretær ser at det kan bli jakta ein del simler mot slutten av jakta, og at dette ikkje er heldig når stamma er så liten som ho er no. Det er heller ikkje heldig at det blir jakta vaksen bukk i siste del av jakta. Fjellstyret kan gjera vedtak om å innskrenke jakttida innanfor jakttidsramma, jf. fjellova § 23 3. ledd. Dersom fjellstyret ikkje gjer eit slikt vedtak, er det jakttidsramma – 20.8-30.9 – som gjeld.

Sekretær for Fjellstyra på Hardangervidda as har sendt ut ein førespurnad til leiarane i fjellstyra om dei er innstilt på å avslutte jakta 23.9. Det har vore lite tilbakemeldingar på dette. Sekretær er kjend med at innstillinga frå sekretær for Eidfjord fjellstyre og Fellesstyret for Ullensvang Statsallmenning er å avslutte jakta 23.9 på deira statsallmenningar.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre set jakttida på statsallmenningen for 2018 til 20.8 – 23.9. Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 23 3. ledd.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 22/18 Oppsetjing og plassering av lavvo, tid og stad

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre gjekk i fjor til innkjøp av ein stor lavvo med omn. Denne vart sett opp i inste enden på Langavatnet i fjor sommar. Da lavvon vart teken inn i oktober viste det seg at vatnet hadde auka betydeleg noko som førte til at lavvoen sto under vatn. Lokaliseringa inst på Langavatnet er gunstig sidan ein kan ta båt inn, og at ein kan ta med seg ved.

Fjellstyret må ta stilling til om plassering for komande år, og når lavvoen skal setjast opp.

Framlegg til vedtak:

Lavvoen vert sett opp på nordsida av Langavatnet i nærleiken av der Langvassbua sto før reguleringa. Atle får ansvaret for utsetjinga så snart det er farbart med båt på vatnet.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 23/18 Kodeboks på Finsebu

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Alle dei 4 låste hyttene/steinbuene på Osafjellet har fått kodeboks, noko som har fungert heilt veldig bra. Sekretær ser ingen grunn til at det ikkje skal monterast kodeboks på Finsebu og. I dag er det vaktmeister ved Finse Hotell 1222 som har ansvaret for utlevering av nøklar. Dette kostar Ulvik fjellstyre 7500,- i året, noko som er ein betydeleg kostnad.

Kodeboksen kan monterast inne i yttergangen, og vil soleis være skåna for ver og vind. Koden til boksen vil kunden få på kvitteringa ved booking av hytta.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre er positive til å setje opp kodeboks på Finsebu. Dagleg leiar får ansvaret for å setje opp boks ved fyrste høve. Finse hotell ved vaktmeister vert

kontakta og informert. Ved behov ynskjer Ulvik fjellstyre framleis at Finse hotell vert kontakta av leigetakarar dersom det skulle være nødvendig mtp lite ved eller anna naudsyn bistand. Inatur vert kontakta når kodeboksen er på plass.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 24/18 Info frå dagleg leiar

Saksdokument:

Ingen

Dagleg leiar informerte om:

- Ferieavvikling
- Sanering av Vargebua
- Arbeidet med ny kledning på Sankebu

Styret tok informasjonen til vitande.

Møtet slutt 21.00